

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Levekårsutvalet	22.04.2026	024/26
Kommunestyret	07.05.2026	053/26

Midlertidig endring av alkoholpolitisk handlingsplan og tilhøyrande forskrift om skjenketider i Øygarden kommune - Fotball-VM 2026

Kort om saka

Det norske herrelandslaget i fotball har kvalifisert seg til VM og meisterskapet skal haldast i USA, Canada og Mexico i perioden 11. juni til 19. juli 2026. På grunn av tidsforskjellen vil enkelte av kampene bli sendt på tidspunkt utover alkohollova si maksimaltid for skjenking.

Regjeringa føreslår å opne for at kommunar som ønsker det, kan få skjenke alkohol mens fotballkampene pågår. Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sendte difor ut ei høyring som føreslår eit midlertidig unntak frå alkohollova si maksimaltid for skjenking av alkohol. I høyringa vert det føreslått at endringa berre kan gjelde for skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 i perioden 11. juni – 19. juli, og for skjenkestadar som viser direktekampar for sine gjester. Endringsforslaget er pr. no ikkje behandla i Stortinget.

Kommunestyret (KS) gjorde den 26.03.26 vedtak om at Øygarden kommune ønsker å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt endringsframlegg, med atterhald om positivt vedtak i Stortinget. Det vart vidare vedteke å legge endringsforslaget ut på høyring i 2 veker.

Eit høyringsframlegg vart sendt ut direkte til 38 høyringsinstansar. Det har i høyringsperioden komme inn 2 uttalar.

Kommunestyret får seg framlagt eit saksframlegg tilnærma likt førre sak, med tillegg av høyringsuttalar. Det må no gjerast endeleg vedtak i saka, inkludert ev. forskriftsendring.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt forslag om midlertidig endring av alkohollova sine føresegrer om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrar 2026. Det vert teke atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget.

Det vert gjort slik endring i "Forskrift om sals- og skjenketider ved omsetning av alkoholholdig drikk, Øygarden kommune, Vestland" FOR-2024-05-23-840:

Ny § 2a: Midlertidig endring av skjenketid for alkohol i perioden 11.06.26 – 19.07.26 – Fotball-VM 2026

For skjenkestadar som viser direktesendte kampar for staden sine gjester under Fotball-VM for herrar 2026, kan skjenking av alkohol i Øygarden kommune utvidast slik:

- Alkoholgruppe 1 og 2 (frå 2,5 til 21 volumprosent alkohol) frå kl. 02.00 til kl. 06.00.

Forskriftsendringa trer i kraft frå vedtakstidspunktet og opphøyrer 19.07.26.

Saksopplysningar

Innleiing

Det norske herrelandslaget i fotball har for første gong på 28 år kvalifisert seg til VM. Meisterskapet skal haldast i USA, Canada og Mexico i perioden 11. juni til 19. juli 2026. På grunn av tidsforskjellen vil enkelte av kampene bli sendt på tidspunkt utover alkohollova si maksimaltid for skjenking.

Regjeringa føreslår difor å opne for ei midlertidig endring i alkohollova slik at det skal vere mogleg å halde fram med skjenking mens kampene pågår. Det vil være opp til den enkelte kommune om ein ønsker å nytte denne moglegheita for unntak i skjenketidene.

I høyringa vert det føreslått følgande avgrensingar:

- Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2
- Avgrensing til perioden 11. juni – 19. juli,
- Gjeld skjenkestadar som viser direktekampar frå fotball-VM 2026

Unntaket vil også gjelde for arrangement for ein enkelt anledning i til dømes grendahus.

Grunngevinga for endringsforslaget er at det er venta stor merksemd om deltaking i fotball-VM, og mange ønsker å sjå kampane på pub eller utestad. For at stadar med skjenkeløyve skal kunne servere alkohol i perioden kor VM-kampane vert spilt, må det gjerast ei midlertidig endring i alkohollova sine føresegrer om tidsavgrensingar for skjenking av alkoholhaldig drikk.

I HOD sitt høyringsdokument vert det poengtert at føremålet med skjenketidene er å begrense forbruket av alkohol og dermed dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre. Generelt meiner departementet at ein bør vere svært tilbakehalden med å gjere midlertidige endringar i alkoholregelverket ettersom det kan uthule heilskapen og konsistensen i alkoholpolitikken. Det midlertidige unntaket er ikkje meint å skape presedens for seinare anledningar. Lovendringa vert difor avgrensa til fotball-VM for herrar 2026.

Det er pr. no uvisst når endringssaka skal ferdigbehandlast i Stortinget.

Gjeldande rett/heimelsgrunnlag

Tidsavgrensing for skjenking av alkoholhaldig drikk er heimla i alkohollova (AL) § 4-4. Skjenketida vert fastsett i kommunen innanfor lova si maksimaltid.

I Øygarden kommune sin alkoholpolitiske handlingsplan pkt. 7.3.1 står det følgande: "Tidsavgrensing for skjenking av alkoholhaldig drikk i Øygarden kommune er for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 08:00 – 02:00. For alkohol gr. 3, frå kl. 13:00 – 02:00."

Høyringsforslaget

I HOD sitt høyringsforslag er det føreslått ein ny § 4-4 9. ledd som skal opphøyre 20.07.26, og lyde slik:

"Kommunestyret kan for perioden 11. juni til 19. juli 2026 fastsette skjenketider for alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 som avviker fra fjerde ledd. Dette kan fastsettes generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested. Avvikende skjenketider kan bare fastsettes for skjenkesteder som viser direkte sendte kamper i fotball-VM for herrar 2026 for stedets gjester."

Avgjerdsmynde

I alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 7.7.1 står det mellom anna at LKU har fått delegert avgjerdsmynde til å fastsette skjenketider. Kommunedirektøren meiner for øvrig at dette er ei prinsipiell sak som også utløyser krav om forskriftsendring. Kommunestyret har ikkje vidaredelegert mynden til å vedta eller oppheve forskrift etter alkohollova. Saka vert difor sendt til KS for endeleg vedtak, og LKU for tilråding.

Øygarden kommune har ikkje vedteke eigne forskrifter om opningstider for serveringsstadar, jf. serveringslova § 15. Det betyr at ein serveringsstad sjølv avgjer eigen opningstid, i samsvar med til dømes tilhøyrande senter, kjede eller liknande. Skjenking av alkohol følgjer skjenketidene, uavhengig av opningstidene.

Konsekvensar for folkehelse

Alkohollova sitt føremål er å "begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og

individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer”.

Som nemnt over så meiner HOD generelt at ein bør vere svært tilbakehalden med å gjere midlertidige endringar i alkoholregelverket. Det kan bidra til å hule ut heilskapen og konsistensen i alkoholpolitikken.

Det vert vidare opplyst i høyringsnotatet at ei utvida skjenketid vil kunne bidra til større samlingar av folk som drikk alkohol etter klokka 03:00. Det kan igjen føre til eit auka tal uønskte hendingar i form av skadeverk, vald og kriminalitet, og fleire vil kunne få behov for helsehjelp anten på grunn av rusnivå eller på grunn av skadar som følge av ulykker eller vald.

Dersom det vert vedteke unntak frå lova si maksimaltid for skjenking av alkohol, vil det også kunne utsette folk som bur i nærleiken av serveringsstadar for støy på tidspunkt av døgnet kor det normalt må forventast nattero. Støy kan føre til søvnforstyrring og redusert livskvalitet.

Når departementet likevel føreslår å opne for at det midlertidig kan avvikast frå regelverket om skjenketid, skyldast det at herrelandslaget i fotball si deltaking i VM er ein ekstraordinær hending av begrensa varigheit. Endringa er ikkje meint å skulle skape presedens for ev. liknande tilfelle på eit seinare tidspunkt.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Som det går fram av høyringsnotatet så vil det i kommunar som vedtek å utvide skjenketida under meisterskapet, kunne bli auka belastning på politi og helsevesen på dagane med seine kamper.

Auka skjenketid kan som nemnt mellom anna medføre at folk er ute lengre enn dei elles ville, og forlengje tida med samlingar av folk på utestadar og i gatene, ref. informasjon i avsnittet over. Det er sannsynleg at både politi og helsevesen vil måtte bemanne opp i den aktuelle perioden som følge av utvida skjenketid under VM. Meirutgifter må dekkast innanfor verksemdene sine gjeldande økonomiske rammes for 2026.

Kommunane vil få meirarbeid som også er vanskeleg å talfeste. Eventuelle meirutgifter for kommunane må dekkast innanfor dei gjeldande økonomiske rammene for 2026.

Oppgåver for kommunen knytt til ei ev. skjenketidsendring:

- Omfattande saksbehandling med korte fristar
- Høyringsrunde
- Endring av forskrift
- Saksbehandling av ev. søknadar
- Oppfølging og rådgjeving

Tidsplan ved endring av alkoholpolitisk handlingsplan og lokal forskrift

For ei midlertidig endring av skjenketidene i Øygarden kommune, i tråd med HOD sitt forslag, vil tidsplanen for saksbehandling med knappast mogleg margin sjå slik ut:

- 04.03.26 - vedtak i LKU
- 26.03.26 - vedtak i KS
- 27.03.26 - høyring sendast ut til aktuelle høyringsinstansar med 14 dagars høyringsfrist
- 08.04.26 - frist for ferdigstilling av saker til LKU
- 09.04.26 - høyringsfrist - behandling av høyringar
- 10.04.26 (fredag) - saksframlegg for sluttbehandling må ferdigstillast og sendast til godkjenning internt i organisasjonen
- 13.04.26 (måndag) - saksframlegg tidlegast godkjent og klar for utsending til LKU
- 22.04.26 - sluttbehandling i LKU
- 07.05.26 - sluttbehandling i KS

Vedtak i KS 26.03.26

Det vart i KS-sak 029/26 gjort slikt vedtak:

"Kommunestyret ønsker å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt endringsframlegg, med atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget. Endringsforslaget skal leggast ut på høyring i 2 veker, før saka skal til sluttbehandling i kommunestyret 07.05.26."

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak samsvarar med KS-vedtaket 26.03.26.

Høyringsprosess

I samsvar med KS sitt vedtak har endringsforslaget vore på høyring i Øygarden kommune i 2 veker. Det vart sendt direkte til 38 relevante høyringsinstansar inkl. skjenkenæringa, politi, NAV og div. lag og organisasjonar.

Det er motteke 2 høyringsuttalar frå IOGT Norge og KORUS. Høyringsinnspela er knytt til saka som eigne vedlegg.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren har i denne saka informert om HOD sitt forslag om ei midlertidig endring av alkohollova sine føresegner om maksimaltid for skjenking av alkohol under fotball-VM for herrar 2026. Det er vidare gjort greie for kva konsekvensar det vil ha for kommunen og andre offentlege instansar, dersom ei slik endring vert føreslått, sjå fleire detaljar i vedlagte høyringsnotat.

Det er komme to uttalar til høyringa kor kommunen bli oppmoda om ikkje å innføre endra skjenketider, sjå vedlegg.

Ei midlertidig endring av kommunen sine skjenketider vil medføre meirarbeid og kostnadar for kommunen og andre offentlege instansar som politi og helsevesen. Desse kostnadane er imidlertid vanskeleg å talfeste.

Det er også vanskeleg å sei noko konkret om kva nytteverdi ei slik endring vil ha i Øygarden kommune sett ut i frå eit næringsperspektiv. Kommunen har pr. no ikkje fått signal om aktørar som planlegg arrangement med direktevisning av fotballkampar under Fotball-VM

2026. Nærleik til Bergen sentrum, kor større arrangement er planlagt, kan ha ein innverknad, samt behovet for lisens for å vise kampar på offentleg stad.

Kommunedirektøren ber kommunestyret om å ta endeleg stilling til saka. Kommunestyret står fritt til å gjere andre vedtak enn føreslått i innstillinga, så lenge det er innanfor skjenketidene i forslaget, som til dømes kortare skjenketid enn kl. 06:00, eller annan reduksjon i tidspunkt for skjenking.

Levekårsutvalet 22.04.2026:

Nye opplysingar i saka - etter innkallinga er sendt -

Prop. 88 L (2025–2026)

Midlertidig endring av alkoholloven (unntak fra maksimaltiden for skjenking under fotball-VM for herrer 2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Tilråding fra Helse- og omsorgsdepartementet 10. april 2026, godkjent i statsråd samme dag.

[Prop. 88 L \(2025–2026\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Endringsforslag frå KrF - Helge Nilsen Kristeleg folkeparti

Kommunestyret vedtek å ikkje gjera mellombels unntak frå maksimal skjenketid etter alkohollova i samband med Fotball-VM for herrer 2026.

Behandling i møtet

Votering

Forslaget frå Helge Nilsen (KrF) 6 mot vart sett opp mot innstillinga. Forslaget vart vedteke med 6 mot 5 røyster. (mindretal 2 H, 2 AP og FrP)

Vedtak i Levekårsutvalet - 22.04.2026 - 024/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

Kommunestyret vedtek å ikkje gjera mellombels unntak frå maksimal skjenketid etter alkohollova i samband med Fotball-VM for herrer 2026.

Kommunestyret 07.05.2026:

Behandling i møtet

Tal på representantar i saka

Det var 42 representantar i møtet under behandling av denne saka. Christian Daae-Hansen (FrP) og Inge Kausland (H) hadde permisjon, medan det mangla ein vara for INP.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag fekk 25 stemmer (AP (7), Bjarne Tjong (INP), Nils Kåre Skoge (H), Synne Nordøy (H), Renate Toft (H), Andreas Kallekleiv (H), Kjetil Søyland (H), Tom Georg Indrevik (H), Anita Vindenes (H), Beate Bjelland (H), Nina Glesnes (SL-TVØ), Børge Haugetun (SL-TVØ), FrP (6), PP (1)) og vart vedteke.

Levekårsutvalet si tilråding fekk 17 stemmer (KrF (3), Silvia Haugland (H), Robert K. Sæle (H), Stian Telle (H), Michael Sangolt (H), Richard T. Ledang (H), V (1), Jan Utkilen (SL-TVØ), Hege Glesnes (INP), Robert Lund (INP), SV (2), R (1), SP (1), MDG (1)) og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 07.05.2026 - 053/26

Kommunestyret vedtek å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt forslag om midlertidig endring av alkohollova sine føresegner om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrar 2026. Det vert teke atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget.

Det vert gjort slik endring i "Forskrift om sals- og skjenketider ved omsetning av alkoholholdig drikk, Øygarden kommune, Vestland" FOR-2024-05-23-840:

Ny § 2a: Midlertidig endring av skjenketid for alkohol i perioden 11.06.26 – 19.07.26 – Fotball-VM 2026

For skjenkestadar som viser direktesendte kampar for staden sine gjester under Fotball-VM for herrar 2026, kan skjenking av alkohol i Øygarden kommune utvidast slik:

- Alkoholgruppe 1 og 2 (frå 2,5 til 21 volumprosent alkohol) frå kl. 02.00 til kl. 06.00.

Forskriftsendringa trer i kraft frå vedtakstidspunktet og opphøyrer 19.07.26.